

EIT ALLNORSK KOMPROMISS – TIDA ER INNE

Dette framlegget bygger på at ein baserer seg på nemndframlegget for ny rettskrivingsnormal i nynorsk, men inneber at ein gjennom fører eit historisk kompromiss mellom austnorsk og vestnorske målmerke. Det tyder altså at framlegga nedanfor ikkje eksisterer uavhengig av kvarandre, men berre ved at ein ser dei i samanheng. Partane må gi og ta. På meg verkar det som nynorsken trass all meiningsskilnad er nærare ein full konsensus i rettskrivingsspørsmålet enn nokon gong. I tillegg skal det ikkje vera forbode å nytte det som no må kallast tradisjonelle former, anten dei går langt tilbake eller høyrer dei siste femti åra til. Det må ikkje i skolen eksistere eit regelrytteri som ikkje gir plass til personlege og dialektale referansar, heller ikkje eldre skriftformer, dersom dei er naturlege for skrivaren. Men det som skal vera læreboktekst må sjølvstøtt halde seg til rettskrivinga på alle punkt, så sant det nettopp ikkje er poenget å vise at språket skifter med tidene. Eg gjer altså framlegg om følgjande endringar:

I bøyging av ord som endar på m, skal m'en ikkje doblast. Ungdomen, manndomen, stakkars domen, fridomen.

Derimot skal det heite ein venn, danning, etc. – dette følgjer austnorsk og trøndsk og nordnorsk.

Ein innfører høg vokal i visse ord som fyrst, vyrdnad, vyrdsleg, syster. Alle andre ord har –ø.

Dei austnorske monoftongeringane i gjømme, glømme, høre, kjøre og skjør, mør, og drøm, drømme skal vera valfrie.

J skal berre førekoma i ordstamme med gg- dersom det er –a som er følgjevokal: byggja, bygger, bygde, bygd. J framfor –e er like unødvendig og stygt som j framfor –i og diftong: Geita, gifta, givnaden. Unntak: Kyrkje og ikkje. J-en skal framleis vera der etter to konsonantar: Følgje, bølgje, sølgje, fortelja, velja.

Valfritt tenke/ blenke/ tenkje-blenkje.

Det skal vera lovleg å skrive bare og mye, men ikkje *noe*, som skal heite noko, noka, noko, nokre.

Kløyvd infinitiv obligatorisk i seks ord: vera, bera, gjera, skjera, fortelja, velja og selja. Resten etter reglane i dialekten eller e.

eg - meg -mitt

me/vi – oss - vår

du /deg -ditt

de/dokker- dykk/ dokker

Han honom/han - hans

dei-dei-deira

ho – henne- hennes

det- det-dets

Følgjande verb skal ha –de i preteritum: kjenne, sende, tenne, vende, brenne, etc. Resten – te-

Edvard Hoem